

REGLAR FOR TILDELING AV TOMTER I KOMMUALE BUSTADFELT

Vedteke i K-sak 94/2014

1. Når eit tomtefelt er byggeklart, vert tomtene lyst ledig for tildeling. Lysing vert gjort i pressa og på kommunen si heimeside, med opplysning om nærare søknadsfrist og salsvilkår elles i det aktuelle feltet.
2. Søknadsskjema finn ein på heimesida til kommunen, evt. kan ein få papirutgåve ved å vende seg til servicekontoret. Søkjarane set opp tomteynskje i prioritert rekkefylgje.
3. Berre dei som søker etter at feltet er kunngjort for sal, skal takast omsyn til ved tildeling.
4. Nye einebustadtomter som vert lagt ut for sal er reservert for privatpersonar dei fem – 5 – fyrste åra. Deretter kan også firma søkje på einebustadtomter i desse felta.
5. Ingen skal kunne kjøpe fleire tomter for samanslåing til eit prosjekt. Det kan likevel gjerast unntak for tomter utanfor sentrum og som er vanskeleg å selje.
6. Tomta skal nyttast til bustadbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplan med vedtekter og salsvilkår. Det må startast bygging på tomta innan 1 år frå det tidspunkt tomta forfell til betaling. Er bygging ikkje starta innan byggefristen, pliktar eigaren å skøyte tomta attende til kommunen til same pris og utan kostnader for kommunen.
7. Dersom fleire søkerar har same tomt som 1. val, vert det utført loddtrekning som avgjer kven som får tildelt tomta. Tomtesøklarane vert bedne inn for å vere med på loddtrekninga.
8. Ved tildeling av tomter i felt som alt er utbygde, er det tildeling av tomter den 6. i kvar månad. Kurante saker vert avgjort administrativt. I tvilstilfelle skal saka avgjerast av Driftsstyret.